




Bremanger
kommune

Bremanger.kommune.no
Planprogram for kommunedelplan for
naturmangfald

Kommunedelplan for Naturmangfald

Planprogram for kommunedelplan



Ingen artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.

- Stortingsmelding 14



Innhold

Innleiing	4
Føringar for planarbeidet	5
Status og utfordringsbilete	7
Mål og rammer for planarbeidet	8
Tema og innhald i planarbeidet	8
Planprosessen	11
Budsjett	12



Innleiing

Bakgrunn for planen.



Kommunedelplanar for naturmangfald er ein oppfølging av St. Meld 14:

«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»

Formål

Formålet med kommunedelplan for naturmangfald er å bidra til kunnskap og bevisstheit om naturen, som grunnlag for interesseavveging. Ein naturmangfaldplan skal òg identifisere aktuelle tiltak for å ta vare på og styrkje naturverdiane i kommunen. Gjennom dette kan kommunen bidra til å stanse tap av naturmangfald.

Natursats-tilskot

Bremanger kommune er blant fleire kommunar som har fått innvilga 400 000 kroner i Natursats-tilskot frå Miljødirektoratet til å utarbeide ei kommunedelplan for naturmangfald.

Forankring

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald er forankra i Bremanger kommune sin kommunale planstrategi ([Planstrategi for Bremanger kommune 2025-2028](#)), vedtatt 18.09.2025, sak: 033/25.

Føringar for planarbeidet

Internasjonale føringar

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal liggje til grunn for all samfunnsutvikling og planlegging. Dette er òg forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel for Bremanger kommune, der det går fram at FN sine berekraftsmål og omsynet til samfunnstryggleik skal vere førande for all arealplanlegging. Målet er å utvikle berekraftige lokalsamfunn og løysingar som både møter lokale behov og bidreg til ei berekraftig global utvikling.



Figur 1. FN sine berekraftsmål

Naturavtalen (Kunming-Montreal-avtalen)

Den globale naturavtalen (Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework) vart vedteken på FN sitt naturtoppmøte i desember 2022. Avtalen har som mål å stanse og reversere tapet av naturmangfald innan 2030. Avtalen omfattar fire overordna mål og 23 delmål som medlemslanda har forplikta seg til å følgje opp.

Naturavtalen understrekar behovet for å ta vare på og restaurere natur, redusere tapet av naturmangfald og sikre berekraftig forvaltning av naturressursane. Kommunane har ei sentral rolle i oppfølginga av avtalen gjennom arealforvaltning og lokal planlegging.

Nasjonale føringar

Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St 35)

Den nasjonale handlingsplanen for naturmangfald, *Berekraftig bruk og bevaring av natur*, følgjer opp Naturavtalen og legg rammer for den norske naturforvaltninga. Handlingsplanen slår fast mål om å bevare og restaurere natur, redusere nedbygging av verdifulle naturområde og styrkje kunnskapsgrunnlaget for arealforvaltninga.

Handlingsplanen peikar på kommunane som sentrale aktørar i arbeidet med å nå naturmåla gjennom planlegging, forvaltning og kunnskapsbygging.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Dei nasjonale forventningane legg vekt på at planlegginga skal fremje sosial, økologisk og økonomisk berekraft, samfunnstryggleik og samarbeid på tvers av forvaltningsnivå. Klima, natur og miljø er framheva som viktige innsatsområde, og kommunane skal leggje til rette for ei arealforvaltning som tek vare på naturmangfaldet og reduserer tap av naturverdiar.

Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Retningslinjene skal sikre ei samordna og berekraftig areal- og transportplanlegging. Dei legg vekt på at planlegginga skal bidra til å ta vare på naturmangfald, redusere nedbygging av verdifulle natur- og landbruksareal, og støtte opp under nasjonale klima- og miljømål.

Statlege planretningslinjer for klima og energi

Retningslinjene skal bidra til at kommunane arbeider systematisk med klimaomstilling, klimatilpassing og berekraftig arealbruk. Eit sentralt mål er å sikre naturgrunnlaget og naturmangfaldet for dagens og framtidige generasjonar.

Naturmangfaldslova

Naturmangfaldlova er den sentrale lova for forvaltning av naturmangfald i Noreg. Lova skal sikre at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald vert teken vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Særleg viktige for kommunal forvaltning er miljørettsprinsippa i §§ 8-12, som stiller krav til kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet og vurdering av samla belastning.

Regionale føringar

Regional plan for klima 2022-2035 Vestland

Regional plan for klima i Vestland legg rammene for klimaarbeidet i fylket fram mot 2035. Planen omfattar både reduksjon av klimagassutslepp, klimatilpassing og bevaring av naturmangfald. Planen legg særleg vekt på å styrkje samanhengen mellom klima- og naturomsyn i samfunnsutviklinga.

Vestland fylkeskommune sin utviklingsplan 2024-2028

I utviklingsplanen er naturmangfald og arealforvaltning peika ut som eit sentralt utfordringsområde. Klima og natur er eitt av hovudsatsingsområda, med mål om at klimaomsyn og naturmangfald skal vere premisser for samfunnsutviklinga i Vestland.

Vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027

Vassforvaltningsplanen set miljømål for elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. Planen skal sikre heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassressursane, og kommunane skal leggje miljømåla til grunn i planlegging og forvaltning.

Lokale føringar

Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg dei overordna måla og strategiane for utviklinga av Bremanger kommune i perioden 2021-2033. Samfunnsdelen fungerer som kommunen sitt politiske styringsdokument og gir retning for utvikling av lokalsamfunn, tenester, næringsliv og arealbruk.

Dei overordna arealstrategiane i samfunnsdelen dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald. Planen skal bidra til at naturmangfald vert teke vare på som ein del av ei berekraftig samfunnsutvikling, samstundes som kommunen legg til rette for busetjing, næringsutvikling og verdiskaping.

Status og utfordringsbilete

Naturverdiar i Bremanger

Bremanger kommune har eit stort og variert naturmangfald. Kommunen omfattar eit mangfald av naturtypar frå kyst- og sjøområde til fjellområde, vatn, vassdrag og skog. Dei store naturareala og den geografiske variasjonen gir leveområde for ei rekkje artar og naturtypar med lokal, regional og nasjonal verdi.

Kommunen har fleire verneområde og mange registrerte naturverdiar. Samstundes finst det område der kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt eller utdatert.

Kunnskapsgrunnlaget

Det er gjennomført naturkartleggingar og registreringar gjennom mange år, både av offentlege styresmakter, forskingsmiljø, konsulentar og frivillige organisasjonar. Kunnskapen er likevel spreidd på ulike databasar, rapportar og planar.

Det er behov for å samle, systematisere og vurdere eksisterande kunnskap for å få ei meir heilskapleg oversikt over naturverdiane i kommunen. Samstundes må behovet for nye kartleggingar og oppdateringar vurderast.

Utfordringar knytt til naturmangfald

Naturmangfaldet er under press frå fleire ulike påverknadsfaktorar. Dei viktigaste utfordringane i planarbeidet vil vere:

- Nedbygging og endra bruk av areal.
- Fragmentering av leveområde og økologiske samanhengar.
- Klimaendringar som påverkar artar, naturtypar og økosystem.
- Spreiing av framande og uønskte artar.
- Gjengroing som følgje av redusert beite- og skjøtselaktivitet.
- Mangel på oppdatert kunnskap om naturtilstanden i enkelte område.

Behov for ei heilskapleg tilnærming

For å ivareta naturmangfaldet på lang sikt er det behov for ei meir samla oversikt over naturverdiane i kommunen. Kommunedelplanen skal bidra til å styrkje kunnskapsgrunnlaget og gi betre grunnlag for prioriteringar og interesseavvegingar i kommunal planlegging og forvaltning.

Mål og rammer for planarbeidet

Hovudmålet med planen

Målet med naturmangfaldplanen er å ta vare på naturverdiane i Bremanger kommune gjennom berekraftig forvaltning og ei langsiktig og kunnskapsbasert arealforvaltning. Planen skal styrkje kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder i kommunen, og bidra til større føreseielegheit for forvaltninga, grunneigarar og næringsliv.

Eit sentralt mål er å etablere ei heilskapleg oversikt over naturmangfaldet i kommunen, inkludert naturtypar, artar og leveområda deira, samt kunnskap om sårbarheit, påverknadsfaktorar og truslar mot naturverdiane.

Oppdatering og systematisering av kunnskapsgrunnlaget vil vere eit sentralt tema i planarbeidet. Dette omfattar både samanstilling av eksisterande kunnskap og vurdering av behov for ny kartlegging og nye utgreingar. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å kunne ta vare på naturmangfaldet og leggje til rette for ei berekraftig utvikling i kommunen.

Planen skal vidare bidra til å synleggjere verdien av naturmangfaldet i Bremanger og leggje til rette for at omsynet til naturen vert integrert i kommunal planlegging og forvaltning.

Tema og innhald i planarbeidet

Planavgrensing

Kommunedelplanen for naturmangfald skal omfatte heile Bremanger kommune, både landareal, sjøareal og vassdrag. Det er ein generell tilråding at planen avgrensast og at ein bør vere nøkterne i første plan og supplere med fleire moment og område ved seinare rullering.

Sidan planen omfatte heile Bremanger er det viktig at planen ikkje blir for detaljert, men at dei store linjene kjem fram. Enkelte område vil naturleg få særskilt merksemd gjennom planarbeidet. Dette vil særleg gjelde område med viktige naturverdiar og område med stort kunnskapsbehov.

Kommunedelplanen vil bestå av ein temadel og ein handlingsdel. Temadelen skal skildre og vurdere naturverdiane i kommunen, utfordringar og truslar mot naturmangfaldet, samt relevante rammer og mål for forvaltninga. Handlingsdelen skal konkretisere korleis kommunen vil følgje opp planen gjennom tiltak, prioriteringar, ansvar, tidsperspektiv og vidare kunnskapsinnhenting.

Planen vil ha hovudfokus på natur og naturmangfald, men samstundes sjå dette i samanheng med andre samfunnsomsyn. Ei berekraftig forvaltning av naturressursane krev heilskaplege vurderingar der omsynet til naturmangfald vert balansert mot behov knytte til samfunnsutvikling, næringsverksemd, friluftsliv, kulturarv og annan arealbruk.

Plandokumentet

Hovudføremålet med plandokumentet er å samle, systematisere og vidareutvikle kunnskapen om naturmangfaldet i Bremanger kommune, og presentere denne i ei heilskapleg oversikt. Planen skal gi eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturverdiane i kommunen, og vere eit viktig verktøy i arealforvaltning, planlegging og sakshandsaming. Temadelen skal omfatte mellom anna verneområde, naturområde med urørt preg, verdifulle naturtypar, truga og sårbare artar, geologisk mangfald, naturområde og førekomstar av lokal verdi, samt viktige leveområde og økologiske samanhengar. Målet er å synleggjere naturverdiane i kommunen og gi eit betre grunnlag for å ta vare på desse på lang sikt.

I planarbeidet vil det vere aktuelt å samle kunnskap frå ei rekkje ulike kjelder, også der opplysningane ikkje er registrerte eller kartfesta i etablerte kartdatabasar. Dette kan til dømes vere informasjon frå konsekvensutgreiingar knytte til utbyggingar, samferdselsprosjekt, reguleringsplanar, naturkartleggingar, og andre faglege utgreiingar. Der det er mogleg, skal slik informasjon kvalitetssikrast, oppdaterast og kartfestast. Kunnskap som ikkje kan stadfestast eller kartfestast innanfor planarbeidet, vil kunne inngå i handlingsdelen som tema eller område for vidare kartlegging og kunnskapsinnhenting. Det same gjeld område der eksisterande kunnskap peikar på behov for nærare undersøkingar eller meir omfattande kartlegging.

Planen skal òg gi ei overordna framstilling av utfordringar, sårbarheiter og truslar mot naturmangfaldet i Bremanger kommune. Aktuelle tema kan mellom anna vere:

- Framande og uønskte artar.
- Klimaendringar og forureining, som kan påverke artar, økosystem og naturtypar gjennom endra temperatur, nedbørsmønster og miljøforhold.
- Opphøyr av tradisjonell skjøtsel, som beiting, slått og sviing, i område der naturmangfaldet er avhengig av slik bruk.
- Press på areal og naturverdiar som følgje av utbygging, infrastrukturtiltak og andre former for arealbruk og ressursutnytting.

Bremanger kommune har store og varierte naturområde med fjell, kystlandskap, øyar, vatn og vassdrag. Samstundes er det ei viktig oppgåve å balansere omsynet til naturmangfald med behovet for samfunnsutvikling, næringsverksemd og bustadbygging. Planen skal bidra til betre kunnskap om desse interesseavvegingane og gi eit meir heilskapleg grunnlag for framtidige avgjerder.

Kommunedelplanen for naturmangfald vil ikkje i seg sjølv vere juridisk bindande for arealbruken eller medføre nye krav ut over dei pliktene kommunen allereie har etter gjeldande lovverk. Meir bindande oppfølging må eventuelt forankrast gjennom arealplanar, strategiar, handlingsplanar, budsjettvedtak eller andre styringsdokument.

Det sentrale føremålet med temadelen er å etablere eit best mogleg kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i Bremanger kommune. Gjennom dette skal planen bidra til ei meir kunnskapsbasert naturforvaltning, styrkje omsynet til naturverdiane i kommunale avgjerder og auke medvitet om dei naturressursane og naturkvalitetane som finst i kommunen.

Utredningsbehov i planprosessen

I arbeidet med kommunedelplanen vil det vere viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag. Gjennom åra er det gjennomført ei rekkje kartleggingar, både på kommunalt og regionalt nivå, og av ulike organisasjonar og fagmiljø. Per i dag er kunnskapen fragmentert og spreidd på fleire planar, rapportar og databasar, noko som gjer det utfordrande å få ei heilskapleg oversikt. For å sikre eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag skal det i planperioden gjennomførast følgjande utgreiingar:

- Identifisere relevante eksisterande data, kartleggingar og rapportar.
- Samle og systematisere informasjonen for å gi ei samla og oversiktleg framstilling.
- Leggje til rette for innlegging av data i offentlege databasar, slik at kunnskapen vert meir tilgjengeleg for både kommunen og andre aktørar.
- Identifisere potensielle restaureringsområde, med særleg vekt på område som kan bidra til å styrkje det lokale naturmangfaldet.
- Avdekkje kunnskapshol som bør fyllast gjennom framtidige kartleggingar eller undersøkingar.

Lista er ikkje uttømmande, og det kan kome fram andre utgreiingsbehov i løpet av planarbeidet.



Planprosessen

Organisering

Prosjekteigar: Kommunestyret

Styringsgruppe: Formannskapet

Prosjektansvarleg: Leiar Plan og Forvaltning

Prosjektleiar og utarbeiding av planen: Jordbruksrådgjevar v/plan og forvaltning

Prosjektgruppe: Det er nedsett ei administrativ prosjektgruppe med kompetanse innan natur og miljø, arealplan og landbruk.

Medverknad

Utarbeidinga av planen som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova (PBL) sikrar medverknad frå statlege, regionale og kommunale styresmakter, andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar, samt andre partar som vert påverka av planarbeidet. I samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 skal planprogrammet gjere greie for opplegget for medverknad gjennom planprosessen.

Medverknad og involvering er viktige føresetnader for eit godt lokaldemokrati og for å utarbeide kunnskapsbaserte og relevante planar. Aktiv deltaking legg til rette for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling, og kan samtidig styrkje innbyggjarane si tilknytning til og eigarskap til naturverdiane i kommunen.

Følgjande aktørar vil vere særleg aktuelle i planarbeidet: grunneigarar, landbruksnæringa, havbruks- og fiskerinæringa, frivillige lag og organisasjonar, natur- og friluftsgeselskap, næringslivet, ungdomsrådet, eldrerådet, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og andre relevante offentlege styresmakter.

Gjennom kunngjering av planoppstart og høyring av planprogrammet får ein høve til å kome med innspel til både innhald i planen og korleis dei ønskjer å medverke i planarbeidet.

Framdriftsplan

Figur under viser ei overordna oversikt over stega i planprosessen

Hovudaktivitetar	Forventa framdrift
Forslag til planprogram. Offentleg høyring, varsel om planoppstart	1-3 kvartal 2026
Kartleggingar	2-3 kvartal 2026
Gjennomgå høyringsinnspel, vurdere aktuelle tiltak	4 kvartal 2026 til 2 kvartal 2027
Utarbeide plandokument	4 kvartal 2026 til 2 kvartal 2027
Offentleg høyring av plan	3 kvartal 2027
Gjennomgang av merknader, vedtak og ferdigstilling av kommunedelplan for naturmangfald	3-4 kvartal 2027

Framdrifta i planarbeidet er satt opp i samsvar med natursats-midlane, slik at planen kan bli vedteken i utgangen av 2027. Frist for rapportering for midlane er våren 2028.

Budsjett

Bremanger kommune får 400 000 kr i tilskot frå Miljødirektoratet for utarbeiding av kommunedelplan for Naturmangfald. Midlane må brukast til utarbeiding av planen. Det er også avsett 1 000 000 kr i investeringsbudsjettet for 2026.